

Eksamen

23.05.2019

HEA2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Helsearbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Gjere greie for samanhengen mellom fysisk aktivitet og helse, og for korleis fysisk aktivitet kan bidra til å førebygge dei vanlegaste livsstilssjukdommane• Drøfte samanhengen mellom levekår og livskvalitet, og prøve ut aktivitetar som fremmer helse og trivsel• Gjere greie for dei vanlegaste teikna og symptoma på sjukdommar og skader og kjenne att sjukdomsforverring• Forklare kva kvardagsmeistring, habilitering og rehabilitering er, og gi eksempel på førebyggjande og helsefremmande tiltak• Vurdere behovet for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som bidreg til sjølvstendigheit, og som held oppe funksjonar i dagleglivet

Oppgåve

Situasjonsskildring

Anton Gundersen er 69 år. Han har hemiparese og afasi etter eit hjerneslag for 3 år sidan. Han slit litt med å svelge maten når han et, og han har ein del smerter. Frå å vere ein aktiv mann, blei han etter hjerneslaget avhengig av rullestol for å kome seg fram. Enkelte dagar ønsker han berre å ligge i senga.

Du jobbar i heimesjukepleia i den sona der Anton bur. Du har primæransvar for Anton, som har tre daglege besøk av heimesjukepleia. I tillegg får han middag levert kvar dag.

Anton har ikkje kjærast eller barn, men har to nieser som betyr mykje for han. Dei bur i ein annan by og er innom så ofte dei kan. Han har mange vener som han tidlegare brukte mykje tid saman med på helgeturar og reiser. God mat og drikke saman med gode vener har vore ein viktig del av Antons liv, og det er enno ein gjeng som kjem innom ein kveld kvar anna veke.

Før slaget budde Anton i ei toppleilegheit med god utsikt over skog og mark. Han likte godt å sitte og sjå utover landskapet for å samle energi og krefter til lange, krevjande arbeidsdagar. Etter slaget fekk Anton leilegheit i første etasje på eit eldresenter i sentrum. Utsikta hans no er rett ut i ein bakgard.

- a) Beskriv hjerneslag og dei vanlegaste teikna og symptoma på denne sjukdommen.
- b) Gi eksempel på helsefremmande og førebyggjande tiltak, og gjer greie for korleis fysisk aktivitet og rørsle kan førebygge helsesvikt og komplikasjonar hos Anton, slik at han kan leve best mogleg med sjukdommen sin.
- c) På kva måtar kan levekår og livskvalitet fremme helse og trivsel?
- d) Drøft korleis du som helsefagarbeidar og primærkontakt for Anton kan bidra til å oppretthalde livskvaliteten hans. Gi eksempel og forklar korleis aktivitetane kan fremme helse og trivsel.
- e) Vurder behovet for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som kan bidra til betre eigenomsorg for Anton.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Gjøre rede for sammenhengen mellom fysisk aktivitet og helse, og for hvordan fysisk aktivitet kan bidra til å forebygge de vanligste livsstilssykdommene• Drøfte sammenhengen mellom levekår og livskvalitet, og prøve ut aktiviteter som fremmer helse og trivsel• Gjøre rede for de vanligste tegn og symptomer på sykdommer og skader og gjenkjenne sykdomsforverring• Forklare hva hverdagsmestring, habilitering og rehabilitering er, og gi eksempler på forebyggende og helsefremmende tiltak• Vurdere behovet for ulike hjelpemidler og velferdsteknologi som bidrar til selvstendighet, og som opprettholder funksjoner i dagliglivet

Oppgave

Situasjonsbeskrivelse

Anton Gundersen er 69 år. Han har hemiparese og afasi etter et hjerneslag for 3 år siden. Han sliter litt med å svelge maten når han spiser, og han har en del smerter. Fra å være en aktiv mann, ble han etter hjerneslaget avhengig av rullestol for å komme seg frem. Enkelte dager ønsker han kun å ligge i sengen.

Du jobber i hjemmesykepleien i den sonen der Anton bor. Du har primæransvar for Anton, som har tre daglige besøk av hjemmesykepleien. I tillegg får han middag levert hver dag.

Anton har ingen kjæreste eller barn, men har to nieser som betyr mye for ham. De bor i en annen by og er innom så ofte de kan. Han har mange venner som han tidligere brukte mye tid sammen med på helgeturer og reiser. God mat og drikke sammen med gode venner har vært en viktig del av Antons liv, og det er fortsatt en gjeng som kommer innom en kveld hver annen uke.

Før slaget bodde Anton i en toppleilighet med god utsikt over skog og mark. Han likte godt å sitte og se utover landskapet for å samle energi og krefter til lange, krevende arbeidsdager. Etter slaget fikk Anton leilighet i første etasje på et eldrecenter i sentrum. Utsikten hans nå er rett ut i en bakgård.

- a) Beskriv hjerneslag og de vanligste tegnene og symptomene på denne sykdommen.
- b) Gi eksempler på helsefremmende og forebyggende tiltak, og gjør rede for hvordan fysisk aktivitet og bevegelse kan forebygge helsesvikt og komplikasjoner hos Anton, slik at han kan leve best mulig med sykdommen sin.
- c) På hvilke måter kan levekår og livskvalitet fremme helse og trivsel?
- d) Drøft hvordan du som helsefagarbeider og primærkontakt for Anton kan bidra til å opprettholde livskvaliteten hans. Gi eksempler og forklar hvordan aktivitetene kan fremme helse og trivsel.
- e) Vurder behovet for ulike hjelpemidler og velferdsteknologi som kan bidra til bedre egenomsorg for Anton.



www.vigoiks.no/eksamen